

**Katy (27) orket ikke
mer vold og terror i
islams navn. Men ingen
prest våge å døpe henne.**

Side 4

Han skulle gjøre arabere til overbeviste muslimer. Så møtte Hasan en varm prest. **9**
I møte med muslimer snakker Amir om Bibelen **6** | Eyvind Skeie: Et glimt av Jesus **12**
Sprer evangeliet til afghanske flyktninger **18** | Kom til tro i Afghanistan under Taliban **20**

stefanus
alliansen



sammen for de forfulgte

LÆRER BARN OM FRED

Hun vant Stefanusprisen. Nå samler Wagma Feroz barn fra ulike religioner for å bygge fellesskap på tvers.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Filmskaper Wagma Feroz**, som fikk Stefanusprisen i 2022, samlet i februar 21 barn fra ulike religioner i hjembyen Peshawar i Pakistan. Sammen gledet de seg over mangfold i et område der radikal islam står sterkt, noe som altfor ofte fører til vold. Barna fikk inspirasjon til å fremme kjærlighet og fellesskap på tvers av trosretninger og kulturer.

Arrangementet bestod av kunstprosjekter, musikalske forestillinger, spill og en symbolsk ballongutveksling – alt med sikte på å fremme forståelse og vennskap.

– Sammen utgjør vi en meningsfull forskjell ved å fremme kjærlighet, aksept og mangfold, sier Feroz i en hilsen til Stefanusalliansen og som takk for den økonomiske støtten hun fikk. Arrangementet ble holdt på en privat kunstskole.

Ulik bakgrunn

Feroz samlet barn fra ulike etniske bakgrunner og religioner: kristendom, bahá'í, hinduisme, og islam. Flere afghanske flyktninger kom. Foreldre i sikh-samfunnet våget av sikkerhetsgrunner ikke å la sine barn delta.

Arrangementet startet med at barna fortalte om seg selv, om hobbyer og om ting de misliker. Deretter dannet barna en sirkel der en og en kastet en ball til en annen og introduserte vedkommende for resten av gruppen.



Wagma Feroz nådde frem til barna under sitt kreative arrangement for mangfold. Foto: Wagma Feroz/privat

– Øvelsen styrket ikke bare båndene mellom barna, men fremhevet også viktigheten av å beskytte relasjoner og knytte nye vennskap, sier Feroz.

Et av høydepunktene var «Kunst for vennskap og fred». Barna tegnet og malte et kunstverk relatert til fred, kjærlighet og mangfold.

” Sammen utgjør vi en meningsfull forskjell.

Wagma Feroz

Bygget broer

Til slutt skrev barna navnene sine på ballonger, slapp dem opp i luften og fanget andres. Denne symbolske gesten bidro til å bygge broer, forteller Feroz.

Både barn og foreldre fortalte at de gjerne vil delta på noe lignende senere, de ønsker et sted der de åpent kan dele sine tanker og delta i hyggelige og lærerike aktiviteter.

– Det er oppmuntrende å se at barn med ulik bakgrunn kan møtes, lære av hverandre og feire mangfoldet. Slike møtepunkt er avgjørende for å fremme fred og forståelse i vårt samfunn. Som fredsaktivist er det min plikt å bidra til å fremme inkludering og fellesskap, sier Wagma Feroz. ■

Les mer

Side 14 – 16 kan du lese om vinneren av Stefanusprisen 2024.

Utgiver:

Stefanusalliansen

Adresse:Trondheimsveien 137,
pb 6603 Rodeløkka,
0502 Oslo

post@stefanus.no

Telefon:

23 40 88 00

Ansv. redaktør:Johannes Morken
jm@stefanus.no**Redaksjon:**Hilde Skaar Vollebæk
Marianne Haugerud
Eva Frydenborg**Framsidedfoto:**

Foto: Johannes Morken

Design:

Von: Bendik Schøien

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri

Opplag:

16 700

Gavekonto:

3000 14 57922

VIPPS:

19013



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

Magasinet kommer gratis sju ganger i året.
Bestill med SMS: MAGASIN til 2377 eller post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:
kabb@kabb.no

www.stefanus.no
f/stefanusalliansen
@stefanusalliansen

KRISTEN TRU I ISLAMSK HEIMLAND

■ **Med hjelp av draumar**, syn, TV og internett kjem menneske med muslimsk bakgrunn på sporet av Jesus som meir enn ein profet – ja, som frelsar. På Den arabiske halvøya støttar Stefanusalliansen eit nettverk som følgjer opp menneske som kjem til tru i einerom og ofte ikkje har nokon dei vågar å dela trua med. Dei siste ti-femten åra er det blitt langt fleire enn tidlegare som kjem i kontakt med kristen tru.

Stefanusalliansen samlar ein del av dei til konferansar der dei får fellesskap, rettleiing og undervisning. Det er svært naudsynt. Dei nye truande treng både kunnskap og grunnfesting – og god rettleiing for ikkje å enda opp hos dårlege rettleiarar på internett.

Kristent nærvær

Men det kristne nærværet i landa på Den arabiske halvøya er mykje større. Millionar av gjestearbeidarar har strøymt til dei ulike landa for å ta dårleg betalte jobbar i bygningsindustri og som hushjelpar. Dei har ingen rettar, får ikkje pass eller statsborgarskap. Dei vert ofte grovt utnytta på arbeidsplassane sine.

Millionar av desse er kristne – frå land som Nepal, Bangladesh, India og Filippinane. Dei ulike kongedømma har gitt tomter der det er bygt kyrkjer. For mange av dei fattige og rettslause gjestearbeidarane er kyrkjene det viktigaste samlingspunktet dei har.

Levande tru

Magasinet Stefanus har gjesta Dei sameinte arabiske emirata (Dubai og Abu Dhabi) og Oman. I denne utgåva møter du menneske som har kome til tru frå muslimsk bakgrunn. Dei har kvar si sterke historie. Du møter også

«Amir» som står sentralt i nettverket som tek seg av menneske som vel kristen tru i islams heimland. I seinare utgåver vil du møte fattige kristne gjestearbeidarar – på det vi ofte kan kalla slavekontraktar – med ei levande kristen tru. Også mange av desse har muslimsk bakgrunn eller hindubakgrunn frå heimlanda sine.


Bli med i bøn for menneske med kristen tru på Den arabiske halvøya, anten dei er nasjonale og må løyna trua si, eller dei er fattige gjestearbeidarar som kan vera synlege – og som har tru og kyrkjer å støtta seg til i land der dei er rettslause. ■



Bli med i bøn for menneske med kristen tru på Den arabiske halvøya.



■ **Johannes Morken**
Redaktør



TRØYTT AV VALD

Borgarkrigen i Syria og dei bestialske herjingane til IS sette fart i Katys veg til kristen tru.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, DUBAI

I Dubai kjenner Katy, som er syrisk statsborgar, inga uro for å vera open om den kristne trua si.

■ **Katy er frå Syria**, frå byen Tartus, på kysten mot Middelhavet. Familien høyrer til den muslimske minoriteten ismaelittane. Også Katy las Koranen under oppveksten i ein dedikert familie.

– Men eg kjende på ei uro. Eg var redd for at Gud ikkje var glad i meg, det var alltid straff for eit eller anna, fortel Katy.

Nysgjerrig på kyrkje

På vegen til skulen passerte ho kvar dag ei maronittisk kyrkje – ei katolsk kyrkje som står særleg sterkt i Syrias naboland Libanon.

– Eg vart nysgjerrig, fortel Katy.

På mobiltelefonen til mora fekk ho høyra ein libanesisk radiokanal som også høyrer til den maronittiske kyrkja i Libanon: «Guds stemme».

– Eg hørde at dei brukte ord som «Vår Far» om Gud. Eg tenkte: «Korleis kunne dei bruka slike ord om Gud?»

Ein dag skulka Katy skulen for å gå i kyrkja, utan at foreldra skulle oppdaga det.

– Eg gråt medan presten preika. Etterpå sa eg til han at eg ville bli kjent med Jesus.

Vart kontrollert

Katy oppsøkte kyrkja fleire gonger. Heime bløffa ho om kvar ho hadde vore eller tenkt seg.

– Foreldra såg på andletet mitt at eit eller anna hadde skjedd. Dei visste at eg hadde Det nye testamentet, men ikkje at eg hadde byrja å gå i ei kyrkje

Foreldra byrja å kontrollera henne, for å finna ut kva ho heldt på med.

– Eg byrja å samanlikna Koranen og Det nye testamentet. I Koranen las eg at dersom eg gjorde noko mot nokon, måtte vedkomande gje meg noko tilbake. I Det nye testamentet las eg derimot at dersom nokon slår meg på det eine kinnet, skal eg venda det andre til.

Katy legg til:

– Eg spurte presten om eg kunne bli kristen. Men han var redd for å døypa meg, av uro for reaksjonane, og bad meg vera varsam når eg kom til kyrkja, eg måtte unngå at nokon såg meg.

Katy oppsøkte så ei protestantisk kyrkje der pastoren preika ut frå Det gamle testamentet. Ho som til då berre hadde hatt Det nye



Eg spurte presten om eg kunne bli kristen. Men han var redd for å døypa meg.

Katy

testamentet, blei svært interessert. Ikkje minst vart ho fascinert av ei preikerekkje om Jobs bok.

Difor byrja Katy å gå der kvar søndag. Ho var blitt 16 år. Ei kvinne som såg at ho var ny, inviterte Katy med i ei kvinnegruppe på fredagane. Planen var å bli døypt i denne kyrkja, men politikontrollar gjorde at dei ikkje tok sjansen der heller.

Drap slekt

Katy var 14 år då borgarkrigen i Syria starta i 2011. Så kom IS, som skulle byggja kalifatet gjennom bestialitet.

– Borgarkrigen og IS gjorde at eg stilte endå fleire spørsmål. IS-krigarar skar halsen over på ein slektning av mor og brende henne, mannen og dei tre barna.

Katy fekk vonde draumar om IS.

– Eg prata med far om IS og drap, han svarte meg berre at IS ikkje er islam.

Men spørsmåla vart ikkje borte for Katy.

Døypt i Dubai

I 2021 reiste Katy frå Syria, etter den første bølga av korona. Ho søkte arbeid i Dei sameinte arabiske emirata. Katy slo seg først ned i emiratet Sharjah. Ei veninne skaffa kontakt med ein pastor som døypte henne i emiratet Dubai. Familien i huset der ho budde, introduserte så Katy for kristne vener. Slik blei Katy ein del av ei gruppe.

– Etter at eg blei døypt, fortalte eg foreldra mine om den nye trua mi. I starten tok dei det tungt. Far var mest oppteken av at eg måtte koma heim. Han var kanskje meir lei seg fordi eg hadde reist frå Syria enn at eg hadde skifta tru, seier Katy.

Katy har ikkje vore heime i Syria sidan ho drog. Men seinare i år reiser ho heim for å besøkja mora og broren og gå på grava til faren, som blei sjuk og døydde. Mora har forsona seg med den nye trua hennar.

I Dubai kjenner Katy inga redsle for å stå fram med kristen tru, sidan ho ikkje er frå landet. Heime i Syria er det også lettare å vera konvertitt frå ismaelittane enn frå sunni-islam.

– Ismaelittane er meir tolerante. Konvertittar kan møta sinne og bli hindra i å gå ut, men dei blir ikkje møtte med grov vald, seier Katy. ■



SNUR RYGGGEN TIL EKSTREM ISLAM

Pastor Amir (t.h.) døyper her ei kvinne frå Saudi-Arabia saman med pastor Issam. Foto: Stefanusalliansen

Pastor merkar aukande pågang av menneske som frå muslimsk bakgrunn søkjer kristne svar. Vekst i ekstrem islam har fått fart på søkinga.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, DUBAI

■ – **Mange er lei** av fundamentalistisk islam, seier pastor «Amir».

I 20 år har pastor «Amir» hatt ansvar for å koordinera oppfølging av menneske som frå muslimsk bakgrunn søkjer kontakt med kristne. Dei har møtt kristen forkynning eller spor av Jesus på internett eller på kristen TV retta mot eit arabisk og muslimsk publikum.

– Slike samtalar har vi alltid hatt. Men dei siste åra er det blitt langt fleire, seier Amir. Av tryggingssgrunnar brukar vi ikkje det rette namnet hans. Arbeidet hans har i mange år vore støtta av Stefanusalliansen. Saman arrangerer vi konferansar for kristne med muslimsk bakgrunn på Den arabiske halvøya. Slik får dei som i det daglege aldri vågar å møta nokon med same tru, eit fellesskap.

Ein av grunnane til at det er blitt fleire samtalar er at det i dag er meir enn 20 kristne TV-kanalar retta mot den arabiske verda. Sju kanalar spesialiserer seg på å nå muslimar.

Sterkt sosialt press

I landa på Den arabiske halvøya er det ikkje lett å vera Kristus-truande med muslimsk bakgrunn. Mange tek ikkje sjansen på å møta andre andlet til andlet. Det sosiale presset er

sterkt i ein kultur der religion, familie, identitet og tru er vevd tett saman. Byter du tru, risikerer du å mista alt, sjølv der det ikkje er straffbart å gå vekk frå islam.

I alle kongedøma, unnateke Saudi-Arabia, er det bygt kyrkjer for gjestearbeidarar. Mange av gjestearbeidarane er sjølve konvertittar frå islam eller hinduisme i sine heimland som India, Syria, Nepal og Bangladesh. Desse får aldri statsborgarskap, men dei kan møtast i kyrkjer.

Men konvertittar som er borgarar i landa på Den arabiske halvøy, kan ikkje stå ope fram som kristne. Dei kan ikkje oppsøkje kyrkjene, kanskje med unntak av i Kuwait.

– Det ville skapt store problem både for kyrkja og konvertitten, forklarar Amir.

– Kristus-truande med muslimsk bakgrunn kan dei aller fleste stader difor ikkje møtast. Dei kan ikkje fortelja om trua til familien, i alle fall ikkje til heile familien. Dei har lese i Koranen at dersom nokon går bort frå islam, vil familien deira hamna i helvete fordi dei ikkje passa på. Ofte forstår ikkje familien kvifor nokon skifter religion, islam er ifølgje Muhammed den siste og beste religionen.

Amir leier eit nettverk som i mange år har organisert sommarteneste i fleire byar i Europa. Der møter dei arabiske studentar med muslimsk bakgrunn også frå Den arabiske halvøya. Dei er i Europa for å studere engelsk. Der kan Amir og dei andre dela ut biblar til muslimar, noko dei ikkje kan heime.

– Vi møter folk som seier: «Det du seier er klart, men vi har aldri høyr det før.»

Bibelen er nøkkelen

– *Kva er nøkkelen til å opna ein samtale om tru?*

– Det er Bibelen. Muslimane seier ofte at Bibelen er endra, at den er korrumpert. Det er det dei blir lært i moskear og skular. Vi spør dei: «Dersom Bibelen er falsk, kvar er originalen? Når blei den forfalska?» Vi får ikkje svar. Dette er logiske spørsmål som gjer at vi kan samtala.

Amir får også andre spørsmål, ikkje minst dette: «Kvifor døydde Kristus på krossen?» Muslimane ser på Jesus som ein profet, men avviser at han døydde på ein kross. →



Kristus-truande med muslimsk bakgrunn kan dei aller fleste stader difor ikkje møtast.

Pastor Amir



– Muslimane trur at Jesus er i live. Dei veit at Muhammeds grav er i Medina og at Abrahams grav er i Hebron. Men Jesus har inga grav. Muslimane trur at han mirakuløst vart berga av Gud og teken opp i himmelen. Ein del muslimar trur at han skal koma igjen. Dette fører til mange samtalar, seier Amir og legg til:

– Muslimane har 99 namn på Gud, men ingen av dei er «kjærleik». Vi forklarar at Gud er kjærleik. Mange veit lite om sin guddom, som dei tilber, men mykje om Muhammed. Muslimar er opplært til aldri å stilla spørsmål til Gud.

Arrestert i Irak

Amir har i meir enn 30 år hatt som kall å driva eller inspirera til misjon i den arabiske verda. Saman med fleire blei han arrestert i Nord-Irak på 90-talet då Saddam Hussein angreip kurdarane. Saddam hevda dei var spionar. Amir kom seg heim til kona i Egypt. Han drog deretter til Jemen. Amir har alltid vilja inspirera arabiske kristne til misjon i arabiske land.

Han er svartelista i Saudi-Arabia.

– Eg kjenner personleg 25 Kristus-truande med muslimsk bakgrunn i Saudi-Arabia. Eg har høyrte rapportar om store tal, men ingen har sikre tal. Dei lever hemmeleg med trua si. Men nokre får vi følgja opp, også ved at dei får vera med på konferansar utanfor området. Då skaper vi ei slags kyrkje for dei.

Amir har høyrte sterke vitnesbyrd frå Saudi-Arabia, som dette frå ei kvinne som møtte Jesus i ein draum. Jesus svarte henne i draumen. Kvinna fortalte neste morgon mannen om draumen. Han sa: «Vi er muslimar, ikkje kristne.» Ho hugsa alt Jesus hadde sagt i draumen og fortalde det. Då byrja



På Facebook er det mange som spør kvifor muslimske menn kan ha fleire koner og så lett kan skilja seg.

Pastor Amir



Eg forklarar at dersom Gud verkeleg ville ha drepe meg, hadde han sendt eld frå himmelen.

Pastor Amir

mannen å søkja på nettet etter dei setningane kona hadde fortalt om. Han fann ein TV-kanal som formidla desse. Dei tok kontakt – og begge ville bli døypte.

Kulturell skepsis

Jesus-truande med muslimsk bakgrunn søkjer folk dei trygt kan kommunisera med.

– Kvinnene er mest aktive i sosiale media, som Facebook. Kvinnene har betre tid enn menn. Menn sender oftare spørsmål etter å ha sett på TV, fortel Amir.

På Facebook skriv folk under oppdikta namn. Men Amir seier at spørsmåla avslører at det er kvinner som spør, sjølv når dei brukar mannsnamn.

– Mange spør kvifor muslimske menn kan ha fleire koner og så lett kan skilja seg, medan det er vanskeleg for kvinner, fortel Amir. Han er sikker på at dette er spørsmål frå kvinner.

Mange muslimar har sterk kulturell skepsis mot kristen tru, som dei forbind med mykje vestleg kultur, formidla via fjernsyn.

– Mange trur at det å bli kristen inneber mykje alkohol og sex med kven du vil. Vi forklarar at trua på Jesus ikkje er dette. Vi forklarar at vi som kristne berre har éi kone. Medan muslimar har kontrakt mellom ektefellar, har vi kristne ei pakt. Difor er det vanskelegare å skilja seg. Ja, det er skilsmisser, men ikkje ei vidopen dør, slik det er for muslimske menn, seier Amir.

Møter sinne

Han fortel at samtalar ofte kjem inn på IS, «som krev at eg vert drepen dersom eg ikkje fastar og ber slik dei vil».

– Eg forklarar at dersom Gud verkeleg ville ha drepe meg, hadde han sendt eld frå himmelen. Eg seier at jobben min ikkje er å forsvara Gud. Eg spør kvifor han eller ho ser det som sin jobb å forsvara Gud.

– Møter du folk som blir sinte på deg?

– Ja, det gjer eg. Eg spør kvifor – og får som svar at dei er sinte fordi eg er imot dei. Men eg er ikkje imot dei. Eg forklarar at eg ifølgje Bibelen skal elska mine fiendar, seier Amir og avsluttar:

– Eg seier til dei: «Du er ikkje min fiende.» ■

MANGT ER ENDRA, MEN IKKJE ALT

I Abu Dhabi har Emirata bygt
Abrahamic Family House med moské,
synagoge og kyrkje. Foto: Shutterstock



Mykje er dei siste åra endra i fleire land på Den arabiske halvøya, men ikkje for muslimar som finn Jesus som frelsar.

■ **Kronprinsen av Saudi-Arabia**, Mohammad Bin Salman (MBS), slår ned på wahabismen, ei radikal islamsk retning som var statsreligion før MBS overtok. Han har opna kinoar, noko som var utenkjeeleg for få år sidan. MBS har lete kvinner køyra bil.

Men han er framleis diktator. Han har fengsla ein aktivist som kjempa for at kvinner skulle få køyra bil. Det finst ikkje menneskerettar, berre gode gåver frå herskaren, som brukar milliardar på å kjøpa opp internasjonal idrett.

– MBS satsar på økonomi, sport og det gode liv for folk, men han firer ikkje på makta, seier pastor Amir som bur i Dubai i Dei sameinte arabiske emirata.

Viser toleranse

Dei sameinte arabiske emirata satsar stort på turisme og internasjonal business. Landet har til og med endra

» Folk i Emirata fekk sjå at det er ei kristen kyrkje her, at landet aksepterer kristne.

Pastor Amir om pavebesøket

helga: No har folk fri laurdag og søndag, mot fredag og laurdag tidlegare. I sosiale media skreiv muslimar at «dei tek vår dag».

– Men folk flest følgjer regjeringa. Folk er glade for at dei får fritt helsestell, utdanning, tomter til hus, lån eller ettergitt lån. Og muslimske leiarar – dei har ikkje noko dei skulle ha sagt.

Berre ti prosent av folket i Emirata er statsborgarar, 90 prosent er gjestearbeidarar utan statsborgarskap og velferdsrettar.

Landet viser fram arkeologisk utgravne kristne klosterruinar frå si før-islamske fortid. Paven gjesta i 2019 landet saman med storimamen frå sunni-muslimske Al-Azhar-universitetet i Egypt.

Pavebesøk

– Pavebesøket var eit godt teikn. Dei to signerte ei fråsegn om at dei har same Gud. Det er ikkje eg samd i. Men folk i Emirata fekk sjå at det er ei kristen kyrkje her, at landet aksepterer kristne.

For halvanna år sidan opna landet Abrahamic Family House – eit praktanlegg i Abu Dhabi med tre likeverdige gudshus: ei synagoge, ei kyrkje og ein moské.

– Somme blei forvirra, men landet viser at det tolererer andre truande, seier Amir.

– Dette er det einaste landet i verda som både har ein minister for toleranse og ein minister for lukke. Mykje er endra. Fridom er eit stort ord. Folk ser nattklubbar og alkohol. Tidlegare måtte eit par visa ekteskapskontrakt for å gå inn på eit hotell. I møte med turismen er det gjort om på. Men dette er ikkje sann fridom. Ein Jesus-truande med muslimsk bakgrunn har ikkje fridom, seier Amir. ■



Hasan legg familiens liv i Guds hender kvar einaste dag.

OMFAMNA AV PREST

Hasan blei send til Europa for å gjera folk frå den arabiske verda til overtydde muslimar. Eit møte med ein prest fekk konsekvensar.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, DUBAI

■ **Hasan, som hadde skjegg** langt ned på magen, hadde ansvar for islamsk trusopplæring. I 1988 blei han send til Tyskland for å henta folk frå arabiske land inn i moskéar. Kvar fekk 2000 tyske mark.

– Eg forklarte kva dei måtte gjera for å leva som muslimar og koma til himmelen. Men mange brukte pengane i baren, sukkar Hasan. Av tryggingssgrunnar brukar vi ikkje det rette namnet hans.

Ein kald haustdag med sludd og slaps var Hasan og gruppa i Bremen. Det var tid for fredagsbøn. Men den tyrkiske moskéen stengde dørene for dei.

– Vi kunne ikkje be ute. Vi gjekk inn i ei kyrkje. Vi bad. Presten kom bort og helsa på oss og omfamna meg.

Ei varm omfamning

Hasan stussa. Då presten sa at «eg ser deg igjen», trudde Hasan det var forsøk på magi. Seks veker seinare var det like surt. Dei gjekk inn i den same kyrkja.

– Vi gjekk inn og bad, «i vår makt». Presten omfamna meg igjen, eg følte varmen, men lurte igjen på om det var magi.

Hasan spurte imamen sin: «Dersom kristne kjem inn i ein moské og gjer det same som vi gjorde i kyrkja: Kva skal vi då gjera?» Imamen viste til Koranen: Dersom dei ikkje vil bli muslimar, skal du drepa dei.

Den dramatiske budskapet stod i skarp kontrast til omfamninga. Hasan kutta halve skjegget.

Då han i 1990 kom heim frå ein ny tur i Europa, var berre barten igjen. Faren kjende ikkje Hasan igjen, eller ville ikkje kjenna han. Hasans mor ville at han skulle isolera seg på rommet, men han sa nei.

I staden oppsøkte Hasan ei kyrkje. Han såg at dei braut brød og drakk vin, eller juice. Han fekk forklart at dette var til minne om Jesus.

Invitert i kyrkje

Det gjekk mange år. Hasan var oppteken i hæren, blant anna som soldat i krigen mot Irak etter invasjonen i Kuwait. I 2008 gjekk han av med pensjon. Han blei skilt. Den nye kona, som er frå Egypt, ville driva forretning i Emirata, difor slo dei seg til der. På eit universitet der Hasan fekk jobb, møtte han ein kristen som forklarte kristentrua. Hasan blei invitert til ei kyrkje, dit gjekk han kledd i sin lange, kvite kjortel. Hasan fekk høyra at han måtte døypast før han kunne få brød og vin.

– Eg kommenterte at «eg har berre éin Gud, ikkje tre slik som de.» Men presten forklarte at kristendommen ikkje har tre gudar.

Hasan fekk eit arabisk nytestamente. Ein gong i 2012 fekk han eit syn, liggjande i senga, ein mann i lyse klede snakka til han: «Du må seia: I mitt hjarta er eg klar.»

Hasan gjorde seg klar. Under eit besøk i Egypt i 2015, der kona kjem frå, blei Hasan døypt av ein ortodoks prest. Han viser oss eit bilete.



Prestens omfamning var det første. Han opna døra til den kristne trua for meg.

Hasan, konvertitt i Dubai

– Du ser på andletet mitt at eg er blitt ein annan.

Kona hans får ikkje pass – ingen utlendingar får det i Emirata. Hasan er under press som konvertitt. Ekskona har fått rettens medhald i at han skuldar henne ein stor pengesum. Hasan er overtydd om at ho har brukt mot han at han har skifta tru, sjølv om dommen – som Magasinet Stefanus har sett – berre handlar om pengane. Hasan seier at dottera fekk tak i bileta hans frå dåpen, på mobiltelefonen hans.

– Eg legg alt i Guds hender, kvar einaste dag. Eg legg barna i Guds hender, det er dei beste hendene dei kan liggja i.

Barna går på internasjonal skule. Islam står på timeplanen i arabisk-pensumet. I ID-korta er dei registrerte med «annan» religion. Hasan har fortalt rektor at dei er kristne. Då forstod rektoren kvifor dei går ut i islam-timane.

– Eg har sagt til barna at dersom nokon spør dei, skal dei be folk ringa meg. Så langt har dei ikkje fått problem.

Deler tru i gruppe

Hasan er sentral i ei gruppe på 30 menneske med Jesus-tru – med islamsk bakgrunn. Dei møtest i hans heim og ein annan heim.

– Eg deler trua mi på Jesus ut frå Koranen. Muslimane trur jo at Jesus ikkje er død, men at han ikkje er Gud.

Hasan har døypt tre i eit plastbasseng i hagen. Håpet er å byggja eit ekte dåpsbasseng. Søstrene vil ikkje lenger kjennast ved han. I gruppa er det fleire som ikkje har fortalt nokon om trua si.

Hasan er også med i eit digitalt bønefelleskap på Zoom – med folk frå Emirata, Jemen, Bahrain, Kuwait, Irak og Qatar.

Ein gong blei han teken av politiet til avhør, inne på eit kjøpesenter i Dubai. Hasan trur at han blei oppdaga på eit kamera med ansiktsgjenkjenning i eit svært kameraovervaka samfunn.

– Eg er ikkje redd. Vi er svake, men i Jesus er vi sterke. Eg angrar ikkje. Prestens omfamning var det første. Han opna døra til den kristne trua for meg. Alt som har skjedd, kom frå Gud. ■



*En skulptur der
Frans av Assisi
omfavner Kristus.
Foto: Shutterstock*

ET GLIMT AV JESUS

■ **Det fortelles at** Frans av Assisi følte vemmelse i møte med datidens utstøtte, de spedalske. En dag han møtte en spedalsk, fikk Frans en innskytelse. Han tok den spedalske inntil seg og kysset ham på begge kinn. Under dette ble Frans overveldet av et gudsnærvær. Den spedalske var ikke bare et utstøtt og lidende menneske, men Kristus selv.

Frans ble som bedøvet av denne erkjennelsen. Da han kom til seg selv, kunne han ikke se den spedalske noe sted. Legenden forteller at den hellige Frans siden elsket de spedalske, og gjorde alt han kunne for å være sammen med dem for å trøste og hjelpe.

Kan dette ha noe med oss å gjøre i vårt forhold til vårt lidende medmennesker, enten det er et menneske i sykdom eller et menneske på flukt? Svaret er ja. Et glimt av Jesus venter, når vi møter vårt medmenneske med kjærlighet og omsorg. ■



Eyvind Skeies salmer

Gjennom Stefanusalliansen har prest og salmedikter Eyvind Skeie fått anledning til å møte menigheter og mennesker som betaler en høy pris for sin kristne tro og identitet. Dette har resultert i flere sang- og salmetekster. I Magasinet Stefanus presenterer han noen av dem.

I ditt ansikt ser jeg Jesu Kristi ansikt

I ditt ansikt ser jeg Jesu Kristi ansikt.
I ditt rop, din klage, hører jeg hans røst:
«Vær en venn som hjelper, en som viser nåde.
Det er mørkt i verden. Vær et lys på jord.»

I ditt ansikt ser jeg Jesu Kristi ansikt.
Dypt i dine øyne aner jeg hans blikk.
Herre, du som ser meg med min nestes øyne,
hjelp meg du å bære den som er i nød!

Gud, vi ber for alle dem som lider urett,
og for dem som gråter her på denne jord.
I vår nestes ansikt ser vi Kristi ansikt.
Det er håp for verden. Jesus er vår bror.

(c) Eyvind Skeie, 2006, fra «Jesu hjerte rommer alt»

‘JEG RISIKERER GJERNE LIVET’

– Jeg er glad og overveldet, sier advokat Aiman Umarova fra Kasakhstan. Hun er årets vinner av Stefanusprisen.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Aiman Umarova forsvarer** dem andre ikke våger å forsvare. Hun har vært forsøkt drept i det hun er overbevist om var en fingert bilulykke. Nå får den modige advokaten fra Kasakhstan Stefanusprisen 2024.

– Jeg er glad, jeg er overveldet over å bli verdsatt av noen i et land langt unna mitt eget, sier Aiman Umarova i et videointervju med Magasinet Stefanus. Hun arbeider fra Almaty, den kommersielle hovedstaden i Kasakhstan.

Den ledende menneskerettsadvokaten har utfordret maktapparatet i en rekke krevende saker. Hun forsvarer blant andre mennesker som urettmessig forfølges etter lover mot ekstremisme og terrorisme. Og hun forsvarer religiøse minoriteter mot diskriminering.

Kunne mistet livet

Umarova har ført meget krevende saker om myndighetenes brudd på menneskerettigheter. Hun har



Aiman Umarov lar seg ikke skremme til å stoppe forsvarergjeringen for dem som undertrykkes. Foto: Privat

forsvart mennesker fra ulike religioner. Hun har forsvart mennesker på flukt fra folkemord i Xinjiang i nabolandet Kina.

Umarova har ledet kampanjer for å spre informasjon og skape offentlig oppmerksomhet om brudd på menneskerettighetene.

Umarova har også startet en egen NGO – Human Rights Lawyers – for menneskerettsforsvarere. Blant disse er en gruppe forsvarsadvokater som er villige til å risikere livet ved å ta opp saker ingen andre våger å ta.

I mai 2020 kunne Umarova selv mistet livet under en biltur. Bremsene sviktet. Advokaten kom seg ut før bilen ble totalt utbrent. Selv publiserte hun en video på YouTube.

– Bremsene var kuttet. Jeg fortalte politiet hvem jeg trodde stod bak og som ville meg vondt. Men politiet gjorde ingenting, sier Umarova.

” Jeg vil alltid risikere livet for menneskerettighetene.

Umarova ga seg ikke og sier at hun er villig til å bære risikoen:

